

# Sluttrapport «Bulyst» midlar

## Ski Heile Året

Voss desember 2012



Prosjektet «Ski heile året» vart i 2011 tilkjent 1 450 000 kr i stønad frå «bulyst» satsinga til Kommunal- og regionaldepartementet. Stønaden er tilkjent kommunane Voss, Jondal og Odda. Destinasjon Voss har prosjektleiaransvar og prosjektleiinga for prosjektet. I samsvar med søknaden er til saman 10 tiltak gjennomført. Gjennomføringa av desse tiltaka vert presentert i denne sluttrapporten.

HP

**Voss, Jondal, Røldal**

## **Innhold**

Voss.....	2
Regionalt team.....	2
Voss alpin .....	4
Voss Freestyleklubb.....	5
Skiline .....	7
Folgefonna, Jondal.....	8
Vinterarbeid.....	8
Kveldsopen kafé og skiheis.....	8
Snø i sentrum.....	9
Utsiktspunkt.....	11
Røldal .....	12
Informasjonsprosjekt .....	12
Røldal NedOpp.....	13
Røldalsmarknaden og pilegrimsvandring.....	13
Pilegrimsvandring og pilegrimsstemne .....	13
Røldalsmarknaden.....	14

## Voss

### Regionalt team

Eit element i «bulyst» satsinga innanfor «Ski heile året» har vore å bygge opp eit skilag av dei beste lokale skiløparane i freestyle og alpint. Måla er å oppretthalda Voss sine stolte skitradisjonar og få fram nye ambassadørar for bygda. Destinasjon Voss held fram ordninga med Regionalt team i 2013 sjølv om Bulyst prosjektet vert avslutta.

# VM-favoritten Klaus Finne

**Klaus Finne vil på pallen i VM på heimebane neste vinter. No er han ambassadør for Ski Heile Året.**

Klaus Finne trenar og reiser for det meste på eiga hand. Han gjer ting på sin måte. Økonomisk får han det til å gå rundt som ambassadør for prosjektet Ski Heile Året, som Destinasjon Voss står bak, med støtte frå Hordaland Fylkeskommune og Kommunal- og regional departementet.

– Med ambassadørrolla får eg betre økonomi til å reisa. Det er heilt klart positivt for meg, seier Klaus Finne.

Han har alt gjort det svært godt internasjonalt denne sesongen. Og han viser at han vil kunna vera ein absolutt VM-favoritt i Myrkdalen i 2013. Slopestyle-gullet vil Finne gjerne ha med seg heim til Vangen.

#### London og Budapest

Så langt i sesongen har han markert seg i bykonkurransar, der snø er køyrd inn i byar og store riggar for big air er laga til.

– Me starta i London. Der fekk eg 9. plass. Så vann eg i Italia, medan eg tok 5. plass i Budapest, fortel vossingen.

Han vil konkurrera mykje i USA i vinter. Der er det store målet Dew-tour, som er ein stor cup som går over fleire destinasjonar. Og han skal m.a. køyra verdscup i half pipe, ein konkurranse han enno



**AMBASSADØR:** Klaus Finne er ambassadør for Ski Heile Året.

FOTO: SVERRE F. HJØRNEVIK

ikkje har bestemt seg for om han skal delta i under VM i 2013.

– Eg må ta eit val om eg skal konsentrera meg om berre slopestyle eller om eg også skal satsa på half pipe.

#### Åtte ambassadørar

Klaus Finne er ein av åtte ambassadørar for Ski Heile Året. Dei

andre er Sigbjørn Tveit, Tevje Lie Andersen, Vinjar Slåtten, Ole Fretheim, Knut Lemme, Vilde Katrine Vethe og Erling Astrup Sjøtun.

Fleire av skireisemåla i Europa opplever nedgang i rekruttering til skisporten. Talet på born og unge på ski går ned. Ambassadørane skal få born og unge bort frå data-maskinene og ut i løypene.

Ambassadørane skal leggja til rette for neste generasjon av skiløparar. Og dei skal vera aktive deltakarar i tiltak som kan nyttast i marknadsarbeid i regionen

Totalramma for satsinga er 550.000 kroner.

ØRJAN BRATTETVEIT | tekst  
obr@avisa-hordaland.no

Løparane er alle vossingar, blant dei beste i landet i si skigrein og har som mål å prestere best mogeleg både nasjonalt og internasjonalt i åra som kjem. Fokuset er spesielt på VM2013 i freestyle på heimebane på Voss i 2013 og OL 2014 i Sotsji.

Gjennom prosjektet "Ski heile året" har Destinasjon Voss etablert eit regionalt team av gode og profilerte utøvarar på ski som skal:


- ♦ Vera ambassadør for skisporten og å tilrettelegga for neste generasjons skiløparar
- ♦ Vera aktive deltakarar i tiltak som kan nyttast i marknadsarbeid for regionen

Det regionale teamet skal skapa aktivitet for dei unge i bakken. Dei vil ta del i arbeidet med å styrka arrangementsnivået i anlegga, vera med å utvikla nye konsept som er tilpassa dei unge spesielt og å motivera til meir lek i naturen med motto frå "Sofakrok til t-krok".

Dei har i sesongen 2011/2012 blant anna:

- ◆ Vore delaktige i mange fotoshoots
- ◆ Vore på London freeze festival –i samarbeid med Ski Fjord Norge vart det laga film frå dette arrangementet som er publisert på FriFlyt osv.
- ◆ Vinjar Slåtten Vilde Katrine Vethe representerte teamet på ein tur til Moskva. Kor det vart gjennomført pressekonferanse og eit større skishow med Ascent Travel i Russland, ein reiseoperatør som er «Ski heile året» sin viktigaste samarbeidspartnar i Russland.
- ◆ Diverse fotoshootar:
- ◆ fotoshoote
- ◆ 17.12.2011 Sigbjørn Tveit, Ole Fretheim
- ◆ 05.01.2012 Vinjar Slåtten, Tevje Lid Andersen
- ◆ 02.04.2012 Klaus Finne  
Vinjar Slåtten  
Ole Fretheim
- ◆ Filming Field production  
02.03.04.2012 Klaus Finne  
Ole Fretheim

Vinjar Slåtten



Idet regionale teamet bidreg med fantastiske bilete som ein kan marknadsføre regionen med.

Ein har også samarbeida med freestyle- og alpint- miljøet på Voss for å få fleire born og unge ut på ski. Tiltaket har vore eit såkalla lågterskeltilbod der det ikkje blir sett krav til ferdigheit eller spesialutstyr for ungane som har delteke. DV har i den samanheng retta seg til Voss Freestyleklubb og Voss Alpin for å tilby eit slikt tilbod til nemnde målgruppe. Klubbane har gjennom 2011/2012 sesongen gjennomført fleire arrangement for å bidra aktivitet og rekruttering blant born og unge, samarbeidet mellom klubbane og Destinasjon Voss held fram også etter endt prosjektperiode.



## Voss alpin



Foto: Svein L. Ørland



### Ski Fjord Norway

Ski Fjord Norge er eit samarbeid mellom Destinasjon Voss og Voss Alpin. Tilskotet er på lik linje med MORO PÅ SKI, eit lågterskelløp der det ikkje blir sett krav til ferdigheit eller spesialutstyr.

#### Ski Fjord Norge JOLAKURS

**28., 29. og 30. desember kl. 10-13** vert det kurs for nybyrjarar og vidarekomne born i alderen 6-10 år i Bavallen. Kurset kostar kr. 400,- (syskonmoderasjon). Befalling ved opptak. Born som ikkje klarar helsen sjølv må ha ein vaksen med seg.

Påmelding på e-post innan 23. desember til: [os.skorperid@gmail.com](mailto:os.skorperid@gmail.com)  
Sjå informasjon på: [www.bavallen.no](http://www.bavallen.no)

#### Terminliste Ski Fjord Norge MORO PÅ SKI 2012

Måndag	20. januar	Mykaboien
Tisdag	28. februar	Mykaboien
Lørdag	10. mars	Myra/Bavallen

Påmelding frå kl. 11.00 og start kl. 12.00

**Taubane**  
**Teknikk AS**

**KLUGE**

Foto: Svein L. Ørland  
Tekst: Annetorp og Voss Prestehus, i samarbeid med Taubane AS. Trykt på miljøvennleg papir.

# Voss alpin

Skisesongen 2011/2012



“VIL DU VERA MED Å HA DET MORO  
PÅ SLALÅMSKI?”

Voss alpin har i tillegg til sin vanlege aktivitet arrangert slike lågterskel aktivitetsdagar for born tre dagar i jola, samt tre andre separate dagar med «ski moro» kurs i løpet av 2012 sesongen.



## Voss Freestyleklubb

Har hatt to lågterskel arrangement for å få born ut på ski:

**"Ut på ski", 21. – 22. Januar 2012 i Myrkdalen.**

21. – 22.januar 2012 arrangerte Voss Freestyleklubb Skandinavisk Freestyle cup i Myrkdalen.

I forbindelse med dette arrangementet gjennomførte klubben eit lågterskeltilbod for aldersgruppa 8 til 12 år laurdag 21.januar.

**Målet** med arrangementet var å introdusere dei yngste utøvarane i klubben og andre unge ski køyrarar til eit kulerenn med ikkje berre lokale utøvarar.

Kulekøyring er ein liten grein innanfor Freestyle idretten, og det er viktig at dei som er heilt nye i forhold til idretten får sjansen til å møte og sjå utøvarar frå eldre årsklassar.

Dette var eit viktig tiltak for å motivere fleire unge til å delta på Freestyle trening både inne og ute, og kanskje etterkvart sjølv ville delta på fleire renn. Det vart arrangert eit eige kids-renn denne dagen for dei som ynskte å prøve seg. Alle fekk premie. Skandinavisk Freestyle cup er eit samarbeid mellom Finland, Sverige og Norge. Fokus er på aldersgruppa 12 til 16 år. Cupen består av 6 renn innanfor greina kulekøyring. To renn i kvart land, eit individuelt og eit parallelt. Det vert kåra ein samanlagt vinnar i klassen jenter og gutar 12 til 16 år.

**Tiltaket vart marknadsført** gjennom munnleg og skriftleg beskjed på trening til kids-gruppa, mail til dei føresette, på nettsidene til klubben og Facebook.

### **Program laurdag 21. Januar:**

- 10.00 – Oppmøte.
- 10.05 – 14.00 - Oppvarming og leik på ski.
  - Ungane får prøve seg på eit eige hopp som er bygd på sida av kulebakken.
  - Gjennomkøyring i kulebakken for dei som ynskjer når det er trening.
  - Pausar vert tatt i målområdet for å knytta ungane til arrangementet.
- 14.00 – Finale i SFC. Samlar gruppa i bakken for å sjå og heie.
- 15.00 – Kids-renn for dei som ynskjer.
- 19.00 – Premieutdeling på Voss Vandrarheim med felles middag etterpå.

### **Status etter arrangementet:**

Det deltok 15 ungar. Gruppa vart godt kjent og stortrives både på ski og som publikum. Fleire av dei som var med laurdagen kom og på ski søndagen både som deltakarar og publikum.





## **Aktivetsdag Freestyle – 26.juni 2012 11.00 – 14.00 ved Voss Idrettshall**

Lågterskeltilbod for ungar opp til 12 år.

**Målet** med arrangementet var at ungar skulle få prøve ut ulike barmarksøvingar som Freestyle utøvarar trener. Arrangementet vart gjennomført under årets Ekstremsportveko på Voss, og det bidrog til mellom anna gratis profilering av tiltaket, og at me dermed nådde breiare ut.

Ungane fekk prøve trampoline, tumbling/ air-track og hopp på big air med miniski.

Landslaget i Freestyle kulekøyning stilte som trenarar.

Ungane trengte ikkje noko spesifikt utstyr anna enn treningskle.

**Tiltaket vart marknadsført** gjennom nettsidene til Voss Freestyleklubb og Destinasjon Voss, annonse i Hordaland 2 innrykk, annonse for barneaktiviteten under Ekstremsportveko 1 innrykk, Voss Freestyleklubb si nettside og mail til medlemmer og føresette i klubben.

### **Program:**

11.00 – Oppmøte ved Voss Idrettshall.

11.15 – Fordeling på 3 poster – 1. Trampoline ved Voss Gymnas 2. Tumbling/ Air-track inne i Idrettshallen 3. Hopp på big air bag med miniski ved Voss Gymnas.

Gruppene vekslar i mellom dei tre postane slik at alle får prøve dei tre apparata minimum ein gong.

14.00 – Takk for i dag ☺

### **Status etter arrangementet:**

Det vart eit arrangement med svært godt oppmøte, ca. 130 ungar var innom. Det var ungar frå barnehagealder til 12 år som deltok. Foreldre og andre vaksne følgde ungene sine på aktiviteten. Tilbakemeldingar frå dei vaksne som var til stades var svært positive. Landslagsutøvarane Vinjar Slåtten, Tevje Lid Andersen, Knut Lemme og Ole Fretheim stilte som trenarar. Dette vart svært godt mottatt av ungene. Arrangementet har utan tvil skapt meir interesse for Freestyle og me håpar det bidrar til større og betre rekruttering for sporten. Arrangementet vil verte årleg og samarbeidet med Ekstremsportveko skal utviklast.



## Skiline

Før sesongen 2011/2012 vart Skiline systemet etablert i Voss Resort og Myrkdalen Fjellheisar. Systemet er eit datasystem kort ein nyttar skipasset sitt til å registrere eigen aktivitet i skianlegga. Etableringa av Skiline må seiast å ha vore ein kjempe suksess. Det er i dei to anlegga på Voss registrert over 6000 brukarar av systemet og det er gjort rundt 100 000 registreringar. Saman med Åsnes har ein også gjennomført ein konkurranse med bakgrunn i dei moglegheitene systemet gjev, her har ein opplevd stor deltaking og engasjement frå publikum.



### Åsnes Cup 2012 – En ny form for skikonkurranse (allerede avsluttet)



Organisator Åsnes  
Start 01. jan. 2012 06:00  
Slutt dato 09. apr. 2012 18:00  
Ekstern URL-adresse <http://www.asnes.com/>

*En konkurranse hvor den mest utholdene og smarte skikjører kåres. Den ultimate skikjører.*

Åsnes Cup 2012 skal kåre den skikjøreren som klarer å kjøre flest høydemeter fordelt over 5 skidager i sesongen 2012. Du kan velge om du ønsker å kjøre i Myrkdalen eller Voss Resort. Det er dine beste dager i skiheisen som regnes inn i resultatet og det er ekstremt lett å delta i konkurranse. Det eneste du må gjøre er å registrere deg på [www.skiline.cc](http://www.skiline.cc)

Du vil ha full kontroll på hvor mange høydemeter du har kjørt i løpet av dagen. Du kan også etter endt dag gå til en av terminalene og få utskrift av hvor mange turer og høydemeter du har klart i løpet av dagen.

*Det kåres en vinner i Myrkdalen og en vinner i Voss Resort. Den heilige vinner et par Åsnes Bratt ski til en verdi av 2000,- samt et halvkort*

erne må gå litt for å finne det

## Stig – den ultimate skikøyrar

**Stig Bergstrøm (41) 15. februar, 58 turar i ekspressheisen i Bavallen. Han køyrde om lag 180 km på ski og 78 km i heis den dagen.**

Predag vart han heidra som vinnaren av skiline-konkurransen i Voss Resort, Åsnes Cup. Denne cupen kårar den skikøyreren som klarar å køyra flest høgdemeter fordelt over fem skidagar i løpet av ein sesong. Det er ein cup for Voss Fjellandsby og ein for Voss Resort. Det einaste ein treng å gjera for å vera med, er å registrera heilårskortet på [www.skiline.no](http://www.skiline.no). Dermed vil ein ha full kontroll over kor mange høgdemeter ein køyrer i løpet av dagen. Skiline vil også gje informasjon om løypedistansar og tal på skiheisturar.

### Berre på moro

– Eg likar sjølvsagt veldig godt å stå på ski. At eg vart med på dette, var berre for moro skuld. Det er artig å sjå kor mykje eg har køyrt på ein dag. Eg tenkte ikkje på å vinna konkurransen då eg starta med dette, men på slutten sljøna eg at eg faktisk kunne vinna – og gira nok litt opp, smiler Stig Bergstrøm.

På skilinesida si kunne han fylgja med på kor mykje han har køyrt. Og han kom opp i 956 skiheisturar i vinter. Totalt sat Bergstrøm tilsvarande 3 dagar og 14 timar i heis i løpet av sine 62 skidagar. Og han køyrde 6.561 høgdemeter pr dag.

Då han 15. februar køyrde 58 turar i ekspressheisen i Bavallen, var han på plass då heisen opna om morgonen, og han heldt det glande utover heile dagen, inkludert kveldskøyring.

– Eg er ungkar og eg har køyrt mest i vekedagane, seier Bergstrøm, som er kokk av yrke.

– Det er skikkeleg imponerende å sjå kor mykje Stig har køyrt, seier Hans Engelsen Eide, som delte ut premiar til vinnaren: Bratt-ski frå Åsnes og heilårskort i skiheisane i Voss Resort, Voss Fjellandsby, Røldal og Følgeforn.

### Til ungdommen

Marknadsjef Erik Østlie i Destinasjon Voss, er godt nøgd med at 6.000 registrerte heilårskortet sitt i vinter. Det er første året skianlegga i Voss har brukt denne ordninga. Skiloparane kan fylgja med på internett og app-en på telefonen om kor mykje dei har køyrt. Og ein kan skriva ut køyrelista si på skilinetterminalane i skianlegga. På ein dag vart det køyrt ut over 650 printar i Voss resort.

– Me håpar å få særleg dei unge meir aktive ved hjelp av denne ordninga. Mange unge sit framfor dataen i staden for å stå på ski. Me håpar å mota dei på data for å få dei ut i skibakkane, seier Østlie.

Hans Engelsen Eide fortel at ein alt er i gang med å planleggja ny konkurranse. – Dette skal me halda fram med. No gjeld det å finna på nokre nye element til neste vinter.

ØRJAN BRATTETVEIT | tekst og foto  
obr@avis-hordaland.no

**VINNAR:** Stig Bergstrøm på gullstol. Hans Engelsen Eide, Per Berge og Synva Vinje gratulerer vinnaren.





## Folgefonna, Jondal

Folgefonna sommarskiser AS i Jondal fekk innvilga bulyst midlar til fylgjande tiltak:

### Vinterarbeid



Folgefonna sommarskiser ligg på Folgefonna (isbre). Sesongane og snøfallet om vintrane varierer veldig. For å sikre drift av sommarskiseret, uavhengig av vintrane, er ein avhengig av å gjere eit arbeid haust-vinter- vår. Berre i løpet av

prosjektperioden er det registrert 900t på dosing av snø, for å tilrettelegge for neste sommar.

### Kveldsopen kafé og skiheis

"I samarbeid med Folgefonna Sommarskiser og Folgefonna Snowboardcamp hadde DJ Reflector 5 arrangement på Fonna i 2011 og 6 arrangement i 2012. Målet var å skapa god stemning i skibakken og ved heisen. Erfaringane tilseier at musikken hadde ein positiv effekt på publikum og mange forbi-passarande kom med eit smil om munnen og meinte at dette var viktig å satsa på vidare. Det har tidlegare år vore prøvd med dj i skibakken, men på desse arrangementa prøvde ein ut konseptet med DJ ved heisen, noko som viste seg å vera ein suksessfaktor sidan den skapa betre stemning enn kun lyden av heisduren".

mvh  
Øyvind Sollesnes

Reflector Produksjoner



## Snø i sentrum

I Jondal har det vore sær stor aktivitet kring sommararrangementa med snø i sentrum og på Camp Espeland. What Summercamp har sine arrangement nede ved sentrumskaiaen. Dette har vore store arrangement med mange hundre tilskodarar. What Summercamp har og hatt store internasjonale samarbeidspartnarar som Red Bull og Salomon, der desse har sett sitt preg på showet.

*Vi på What! Summercamp har i två år haft campverksamhet uppe på Folgefonna och nere i Jondal.*

*Vi har haft ett bra samarbete med skicentret och jobbat tillsammans mot att bli det mest attraktiva sommarcampet för ungdomar i Europa.*

*I en stor artikel på [Newscoolers.com](http://Newscoolers.com) (största sidan för freestyleåkning i världen) benämner de oss som första riktiga utmanarna på europeisk mark till de stora amerikanska camperna.*

*Vi har både internationella coacher från yttersta världseliten, samt internationella åkare som kommer för att delta på camperna varje sommar.*

*Uppe på breen jobbar vi dagligen tillsammans med skicentret hur de olika hoppen och railsen ska se ut för att hålla bäst standard. Även marknadsföringen jobbar vi tajt med och bollar ideer.*

*Tex har skicentret hjälp oss med att köra ner snö till kajen för att ha en skidshow nere i centrum två gånger i veckan, där campdeltagarna dras in med hjälp av en vinsch och gör volter ut i fjorden med ski på beina. Vi hade aldrig klarat av att ha detta arrangemang utan det stöd vi får från dem och är väldigt glada för vårt samarbete.*



David Kantermo - What! Camps - Head Coach - Norway Freestyle Ski Team







Mykje arbeid vart lagt også lagt ned i å frakte snø til arrangementa i sentrum.



#### Folgefonna Campen

Jeg bekrefter at vi har hatt kjøring på vår camp på Espeland med meget god hjelp fra Skisenteret i perioden 2010 -2011-2012 sesongen. Det er blitt kjørt ned snø til Espeland hvor vi har hatt show 2 ganger pr uke i 3 uker pr sesong. Folgefonna summer Camp Pål Bentsrud, CEO



## Utsiktspunkt



# Jondal kommune

Teknisk og næring

- fjord - fjell - fonna -

Gry Bystøl  
Destinasjon Voss

Jondal kommune  
5627 JONDAL  
Tlf. 53 66 95 20  
Faks 53 66 95 0  
e-post [post@jondal.kommune.no](mailto:post@jondal.kommune.no)  
[www.jondal.kommune.no](http://www.jondal.kommune.no)  
Org nr 944 439 327  
Bank 3450 07 08706  
Saksbehandlar:  
E-post [gro.heidi.molland@jondal.kommune.no](mailto:gro.heidi.molland@jondal.kommune.no)  
Tlf. 53 66 95 24

Dykkar ref.	Vår ref.	Arkiv:	Dato
	12/672-1 /GHM/12/3640	N-	09.11.2012

Dokumentasjon på arbeidsinnsats frå Jondal kommune: **Rasteplassar på utkikkspunkt**

Arbeidet med å etablere to utkikkspunkt på vegen frå Jondal sentrum til folgefønn sommarskisenter har vore ute på anbud, og rasteplassen skal stå brukklare i løpet av sommaren 2013.

Rasteplassane vert etablert ved bomstasjonen / Lauvbrua og i Dravladal. Jondal kommune har teke arbeidet med å utforma anbudsdokument og køyra anbudsrunde.

Per Gunnar Hammer i Jondal kommune har nytta 40 timar til sjølv anbudsprosessen, med ein timesats på 500 kr per time vert arbeidsinnsatsen til Jondal kommune verdsett til 20 000 kr.

For Jondal kommune:

*Gro Heidi Molland*

Gro Heidi Molland  
landsbyløg



## Internett

Prosjektleiinga i Jondal har sommarstid fått ordna med eit trådløst Ice nett, men har ikkje lukkast å få etablert fast internett tilgang på sommarskisenteret. Dette er noko det nye selskapet Visit Fonna AS tek tak i.

## Røldal

### Informasjonsprosjekt

Informasjonsprosjektet i Røldal vil freiste å informere tilreisande og fastbuande om aktuelle aktivitetar og arrangement som føregår i Røldal vinterstid.

Dette vil ein gjere gjennom tre heilsider i magasinet Vossavinter. Vossavinter vert distribuert i Haugesund, Stavanger og Bergen samt alle hotellrom, hytter og butikkar på Voss, i eit opplag på 15 000.



Anette Bøe storkoste seg i Røldal.



Deltakarane i Røldal fekk alt - tøff konkurranse, harde løyper, dyktige arrangørar, sol, snø og publikum som heila del fram.



Dei bratte bakkane i Røldal var ingen utfordring for alpinistane, men langrennsøparane såg ut som bambi på isen.



53

gratulasjonar, ynskje om lukke, nye påmeldingar og hurrarop frå utøvarar og publikum.

- Kan ikke vente med å komme tilbake, skreiv Miko Kokslien på sin blogg etter en sterk 2. plass.

-Knallbra og nytenkande, så Sjur Røtne frå Voss.

-Nytt og spennende, smilte Marit Bjørgen.

-Usedvanlig hyggelige arrangørar, utgraut Odd-Bjørn Hjelmeseth, mens Anette Bøe bad fint om å få lov og vere med også i 2013.

Reglane er klare. Alle er hjarteleg velkomne til å melde seg på Røldal NedOpp, men det er begrensning i tal på deltakarar, og i tillegg til topputøvarane som deltok sist vinter, har fleire utanlandske langrennsutøvarar meldt interessa si i år. Alpinistar frå World Cup-laget, både på kvinne og herresida kjem òg.

### OM RØLDAL NEDOPP

Rennet startar med ein omgang storslalåm.

Etter ein pause vert langrennet avvikla opp til toppen av slalåmbakken. Tida frå slalåmrennet vert omgjort – eitt sekund bak bestetid i storslalåm, utgjør 20 sekund i langrennet.

Dei løparane som er meir enn 10 minutt (omrekna) etter, startar samstundes i fellesstart.

Dagen før Røldal NedOpp vert Tjoaminnerennet arrangert, ei 8 kilometer lang utforløype frå Røldal til Seljestad. Rekordar vart sett sist vinter og er på 9 minutt, 13 sekund.

### DET SKJER I RØLDAL

Sjå [www.roldal.com](http://www.roldal.com) for fullstendig arrangementsliste.

#### 2012

- 23.-25.11: Kick-off med skidemo og konsertar på Røldalsterassen
- 24.11: Session Rail Jam
- 29.12: Konsert med Fjorden Baby på Røldalsgarasjen
- 30.12: Røldalrennet, langrenn

#### 2013

- 16.03: Chinese downhill
- 29.-30.03: Junior NM Freeride
- 13.-14.04: Tjoaminnerennet / Røldal Ned Opp
- 25.-27.04: Røldal Freeride

## Røldal NedOpp

Heile norgeseliten, mange verdsstjerner og ivrige mosjonistar braka 15. april samen i Røldal Ned Opp, består av ein omgang storslålåm, med påfølgande jakstart langrenn. Målet med arrangementet var å kåre Norges mest komplette skiløpar, og det fikk ein gjort til gangs.

Over 3000 publikummarar fant vegen til fjellbygda Røldal i Odda kommune. Kjende namn som Therese Johaug, Petter Northug, Marit Bjørgen og Charlott Kalla sette farge på arrangementet.

Røldal NedOpp var ein suksess som arrangørane vil halde fram med etter prosjektperioden.



## Røldalsmarknaden og pilegrimsvandring

Bulyst programmet (KRD) støtta Røldal med 150 000 kr til tiltaka «Pilegrimsvandring» og «Røldalsmarknaden». Røldal sokneråd forvaltar stønaden ril pilegrimsvandring og pilegrimsstemne, medan Røldalsmarknaden er organisert som ein eigen organisasjon som har forvalta stønaden.

### Pilegrimsvandring og pilegrimsstemne

Røldal sokneråd har fordelt sine midlar på prosjekta

- ❖ Pilegrimsstemnet 2012
- ❖ Nettside for soknerådet med eksponering av Røldal stavkyrkje som kulturhistorisk tyngdepunkt og pilegrimsmål
- ❖ Informasjonstavle ved kyrkja om Pilegrimsvandringar i Europa med særleg framheving av Røldals-tradisjonen





## Pilegrimsstemnet i Røldal 6.-8. juli 2012

### Fredag 6. juli

Kl. 09.30: Dagssetappe frå Svandalsflona startar.  
Kl. 14.30: Pilegrimar frå Seljord kjem til kyrkja  
- liturgisk samling.  
Kl. 18.00: Pilegrimar frå Stavanger kjem til kyrkja  
- liturgisk samling.  
Kl. 19.30: Pilegrimskonsert i kyrkja. Bill kr 100.-  
Kl. 21.00: Ope pilegrimssamling i Grendahuset.

### Laurdag 7. juli

Kl. 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling i kyrkja).  
Kl. 08.45-10.00: Felles frukost i Kyrkjestova.  
Kl. 10.00: Pilegrimsseminar v/prof. Elisabeth Mikaelsson, UiB.  
Kl. 13.00: Middag i Kyrkjestova.

Kl. 15.00-16.00: Bønetime i kyrkja. Høve til forbøn.  
Kl. 16.00-17.00: Bli kjent med midnattsmessa – liturgi og melodiar.

Kl. 17.00: Pilegrimar frå Hovden kjem til kyrkja.  
Kl. 18.00-18.45: Kveldsmat i Kyrkjestova.  
Kl. 18.30-19.40: Transport frå kyrkja til Bruhølen camping.  
Kl. 20.00: Krossvandring frå Bruhølen camping til kyrkja.  
Kl. 23.00: Pilegrimsmesse m/nattverd.  
Domprost em. Berit M. Andersen og sp. Nataas.

### Sundag 8. juli

Kl. 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling i kyrkja).  
Kl. 08.45-10.30: Felles frukost i Kyrkjestova.  
Avreise.



## Pilegrimsvandringa - ei vandring for kropp og sinn

Vår tids pilegrimsvandring går i pilegrimane sine fotspor langs dei gamle vegane mellom Vest-Telemark og Røldal.

Vandringa går i variert natur, gjennom bygder og over høgfjell. Dei lokale sogelaga sine representantar er kjentmenn og førarar på turen. Dei vil ikkje berre leie deltakarane gjennom det fysiske landskapet, men og gjennom kulturen og historia langs vegen. Det vil verta spesielle markeringar ved dei kyrkjene pilegrimane passerar på vegen vestover. Prost-diakonen i Vest-Telemark er med på turen og vil halde daglege vandringsmeditasjonar.

**Pilegrimen** er ein tur for både kropp og sinn, eit kvilerom med plass til ro og ettertanke. Det er ei vandring og eit møte, ikkje berre med vakker natur og interessante soger, men og med menneske ein kanskje elles ikkje ville ha møtt.

Natur og kultur vil gå hand i hand, og vandringa passar for alle, anten målet er den indre reisa eller den kulturhistoriske. Dette er det tiende året det vert arrangert

pilegrimsvandringar frå Vest-Telemark og til Røldal.

**Det er 4 alternative startpunkt for vandringa:**

28. juni frå kyrkjene i Seljord og Kviteseid

30. juni frå Eidsborg Stavkyrkje

4. juli frå Vågslid

Ein er framme i Røldal den 6. juli – ”gamaljonsok”

Dagssetappane er mellom 15 og 23 km, og terrenget varierar frå dag til dag.

Meir informasjon finn du på nettsidene: [www.pilegrim.info](http://www.pilegrim.info) – Røldalsvegen.

Vandrarane ber med seg ein liten dagsursekk, resten av bagasjen vert transportert med bil fram til neste overnattingsstad.

**Informasjon og påmelding:**

Margit Gjörv, tlf. 976 72 091 eller på e-post: [margjor@online.no](mailto:margjor@online.no)



### Røldalsmarknaden

Marknaden trekkjer om lag 5000 publikum, frå alle kantar i distriktet rundt oss, samt om lag 200 tilreisande i samband med utstillarane. Det er rundt 80 standplassar utandørs på idrettsplassen mellom grendahuset og skulen, samt nokre standplassar i kjellaretasjen av grendahuset.

Vår tids Røldalsmarknad fyller 21 år, men har røter heilt attende til førkristen tid, og er framleis eit knutepunkt og ein naturleg møteplass der folk frå aust og vest, nord og sør møtest til handel og gode opplevingar.

## Årsmelding Røldalsmarknaden 2012

Marknaden opna til vanleg tid, kl. 16 fredag. Årets marknad gjekk føre seg i helga 22. – 24. juni, og kolliderte i år med Jondalsmessa.

Dessverre vert det slik av og til.

Fredagskvelden starta med vellukka underhaldning med **Bjørn Jensen**, kjend frå Vinskvetten, på grendahuset. Publikum fylte salen, og fekk seg mang ein god latter, som dei kan leva lenge på.

Den velkjende gruppa **Mac Meadows** spela på Røldalsgarasjen etter at underhaldninga på grendahuset var slutt.

Marknaden og Røldalsgarasjen samarbeidde også år for å få til kveldsarrangementet laurdag.

**Hellbillis spela på utescenen** og det var litt over

700 publikumarar som møtte opp, sjølv om veret dessverre ikkje var på vår sida dette året heller. Det vart absolutt vellukka, sjølv om ein hadde håpa på endå litt meir publikum.

Det er lagt ned mange ekstra dugnadstimar for å få arrangementet vel i hamn, og Røldalsgarasjen og alle som stilte opp, fortentar ei stor takk:

**-TUSEN TAKK til alle som var med!**

På dagtid prøvar ein å laga til aktivitetar for både born og vaksne.

For ungdom er det **Rodeo-oksen** som er mest populær, og for dei som kan henda er litt yngre, er **lykkehjulet** vårt populært. Her kan ein vinna fine "kosedyr" dersom ein er heldig!

Dei aller yngste synest **trøtraktorane** er kjekke å prøva.

På dagtid laurdag, var det **Team Sandal** med Nils Åge og Reidar, som tok publikum med seg på ei reise gjennom **Valldalen slik han ein gong var**, -med eit rikt stølsliv.

Søndag vart det vist **film: "Veteranar i Dyrskar"**, om korleis ein brøytt opp høg fjellsvegane kvar vår. Det vart gjort med handamakt og godt mannskap med spadar, og skaffa mange røldøler sesongarbeid.

Også i år var kjellarlokalet (skytebanen) fylt opp av utstillarar. Det var flotte måleri og akvarellar, handarbeid, broderi og smykker.

Vinnaren av årets **beste stand på Røldalsmarknaden 2012, vart: Leif Quist**. Denne utstillarstanden

vart vald av juryen både for presentasjonen av varene, og ikkje minst for sær god kundebehandling av besøkjande i alle aldrar. Her vart alle tatt godt i mot og møtt med godt humør! Gratulerar!

**Silvia M. Hermez** vart tilsett i

koordinatorjobben frå 1. nov. 2011 og har klart jobben godt!

Ordførar **John Opdal**

stod for den **offisielle opninga** av marknaden i





år, og musikkorpset spela også i år. Takk til dei for godt utført arbeid!

**Takk også til Monica Kili** frå Skare, som også dette året stilte med hestar og mannskap slik at det vart riding for born, noko som alltid er like populært!

**Bryggarane** frå Skare var sjølvstekt også på plass og skapar kvart år eit humørfyllt innslag på marknadsplassen.

**Ysting og tradisjonsbakst** høyrer også med til aktivitetane ute på plassen.

**Tusen takk for at dokkan står på for oss! Styret Røldals marknaden**

«Ein ting som alle her er samde om, det er at aktivitetar slik som dei ulike arrangement som er her i Røldal i løpet av året,- skaper bulyst! Aktivitet, det at ting skjer, det tiltrekkjer seg publikum og ikkje minst folk med tilknytning til bygda, og då kjem også ungdommane heim. Det er spesielt viktig for den aldersgruppa som har gjort ferdig utdanninga si, stifta familie og skal "bestemma" seg for kor dei vil skaffa seg arbeid og busetja seg. Arrangement, aktive lag og det at det kjem mange tilreisande i samband med det som skjer, skaper vekst og utvikling. Me ser det difor som svært viktig med desse årlege aktivitetane: Røldal Ned og Opp - Røldalsmarknaden - Pilegrimsstemnet / vandring - m.m.»  
Vencke Rønning Hagen, Bulyst koordinator Røldal.

